

Eit fornybart og grønt taktskifte

Verda står ovanfor omfattande klimaendringar som trugar eksistensgrunnlaget på jorda, og det må store endringar til for å snu denne utviklinga. Eit viktig steg på vegen vil vera at våre politikarar og statsleiarar tar inn over seg at alle andre utfordringar er ubetydelege samanlikna med dei menneskeskapte klimaendringane.

Oppbygginga av oljenæringa var ein planlagt og styrt suksess. Stortinget må la seg inspirera av oljehistoria, og ta styring på det grøne skiftet. For å lykkast treng vi dyktige og framtidssretta politikarar som torer å ta tilsynelatande upopulære avgjersler. Det Stortinget gjorde i 1971 vart ein eventyrleg suksess, og viser at ein målretta næringspolitikk gir resultat. Ein slo fast prinsippa, heldt seg til dei, satsa på kompetanse og utdanning, etablerte institusjonar og verdsleiande fagmiljø.

Det grøne skiftet vert ei minst like stor endring av norsk økonomi som olja sitt inntog. Det krev at vi greier å engasjera og mobilisera all kompetanse, skaparkraft og innovasjon som det norske samfunnet har. Vår region er ein spydspiss når det gjeld kompetanse og innovasjon, og kan leia an i møte med klimaendringane. Det vi treng er omstillingsevne, nytenking og politisk vilje til eit fornybart taktskifte. Samtidig er det viktig å vera offensive, og ikkje tru at det grøne skiftet er noko som vi lokalt ikkje har innverknad på. Vi må tenkja globalt, men samtidig handla lokalt.

Eit grønt skifte er ikkje berre naudsynt for å sikra levelege forhold på kloden vår for komande generasjonar. Det kraftige fallet i oljeprisen viser at stordomstida for denne næringa truleg er over, og dette er noko det oljesmurte næringslivet på Vestlandet merker spesielt hardt. Det er ille for folk å mista arbeidet. Det er ille for kommunar å mista viktige skatteinntekter. Diverre er det lite som tyder på at nedgangen vi no ser er kortsiktige svingingar som fort vil gå over. Omstilling er difor nødvendig, og det hastar med å utvikle dei grøne jobbane som skal erstatta stillingane som no forsvinn i oljesektoren. For å stimulera utvikling av og investering i fornybar energi og eit grønt næringsliv, vil det norske oljefondet (verdas største statlege investeringsfond) vera eit særskilt viktig instrument.

Eit grønt skifte handlar ikkje om å finna opp hjulet på nytt. Vi må ikkje bli for einsidige i argumentasjonen, verken i miljørørsla eller i oljeindustrien. Samarbeid må til, og i olje- og gassindustrien finst det mykje verdifull kompetanse som vi treng på vegen mot framtidas nullutsleppssamfunn. Vi har også (ikkje minst på Vestlandet) mange andre store naturressursar enn olje og gass, nemleg mat, fisk, vasskraft og vindkraft. Her er det potensiale til vidare vekst og mange nye arbeidsplassar. Det same er det innanfor bioøkonomi (omdanna biomasse frå jorda, skogen og havet til mat, energi og industrielle produkt).

I vår region har vi også sterke kompetansemiljø innanfor grøn teknologi til å leia an i utviklinga. Næringsklynga NCE Maritime CleanTech er eit slikt miljø, og med det nye Folgefonsenteret i Rosendal får vi snart eit nytt sterkt forskingsmiljø og ein spanande formidlingsarena som vil setja Kvinnherad og heile regionen vår på det internasjonale klimakartet. Desse lokale fortrinna må vi utnytta for alt dei er verdt.

Miljøpartiet Dei Grøne vil vera ein pådrivar for eit grønt taktskifte, og med mange nye representantar i norske kommunestyre og fylkesting etter haustens val vil vi intensivera dette arbeidet. Tenk nytt, stem grønt ved haustens val!

Knut Førland,
Listekandidat
Miljøpartiet Dei Grøne